



ÅRSMELDING 2020

SOGN OG FJORDANE
FOLKEMUSIKKLAG

© S. Ulvund



Foto: Mariann Skau

INNHALD

SAMANDRAG	4
Organisasjon	4
Fond	4
Prioriterte satsingsområde	4
Informasjonsarbeid	4
Folkemusikkarenaer.....	5
Kulturpolitisk arbeid.....	5
INNLEIING	6
PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE	6
Informasjon.....	6
Folkemusikkarena.....	6
Kulturpolitisk arbeid.....	7
Fylkesmusikarordninga	7
Distriktsmusikarordninga.....	7
Organisasjon	7
Styret 2020	8
Lokallagsbesøk	9
Administrasjon – dagleg leiar	9
Årsmøte 2020.....	10
Medlemmer, medlemskap og representasjon	10
Heidersmedlem	10
REGIONREFORMA OG SAMARBEID MED HORDALAND	11
UTGJEVINGAR	11
Rolf Myklebust: «Slåttar i Nordfjordtradisjon»	11

Skumringstimen.....	12
Andre utgjevingar som laget har for sal:	12
NETTPORTAL	12
SOSIALE MEDIA	13
FOLKEMUSIKKPRISEN	13
UTSNITT	14
Arrangement	14
FOND	14
Rolf Myklebust Minnefond	14
Mokursfondet.....	15
SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR.....	16

Framsdebileta:

Judith Vestreim er folkesongar og tradisjonsberar frå Sogndal i Sogn. Ho er A-klasse-kvedar på kappleikar, og har gjennom livet hatt fleire titals konsertar og drive aktivt med rekruttering av barn og unge. Vestreim er mellom anna eldsjela bak «Krudlalaget» - ei folkesonggruppe for barn i indre Sogn.

SAMANDRAG

2020 vart svært sterkt prega av koronapandemien og dermed nedstenginga av landet som gjorde at så godt som all aktivitet etter første halvdel av mars måtte avlysast. Vi fekk gjennomført eit lokallagsbesøk og eit fysisk styremøte og styreleiar deltok fysisk på Hordakappleiken og Hordaland folkemusikklag sitt årsmøte, samt Jostedal spel- og dansarlag sitt TØFT-arrangement før pandemien slo inn over oss. Resten av styremøta, arbeidsmøta med Hordaland folkemusikklag, Vestland fylkeskommune og ymse arbeidsmøte elles har vore avvikla som nettmøte. Årsmøtet var gjennomført som nettmøte 1.11.2020. All anna utoverretta aktivitet måtte avlysast.

Organisasjon

Styret har vore samansett slik: Knut David Hustveit – leiar, Jorunn Sollid – nestleiar, Arne Fossøy, Ine Kjøsnes Raad og Gunhild Daling Korsøen. Varamedlemmer har vore: Marie Nicolaisen, Dagfrid Vallestad Brevik og Berner Midthjell. Laget hadde 670 medlemmer fordelt på 20 lokallag. Av desse var 101 born og unge. Liv Ulvik var dagleg leiar.

Fond

Laget forvaltar to fond: Rolf Myklebust Minnefond med ein eigenkapital på kr 123 206,81 og Mo-kursfondet med eigenkapital på 89 374,80.

Prioriterte satsingsområde

I arbeidsprogrammet vedteke på årsmøtet er desse 4 satsingsområda peika ut: *Informasjon, folkemusikkarena, kulturpolitisk arbeid og organisasjon.*

Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeidet er i det aller mest gjennomført via nett over nettportal der laget har eiga heimeside og sosiale media som Facebook og Instagram. Det er også sendt ut presse-meldingar om mellom anna spesielle arrangement under overskrifta *Folkemusikkarenaer.*

Folkemusikkarenaer

I meldingsåret vart dette berre TØFT-samlinga gjennomført av Jostedal spel- og dansarlag.

Kulturpolitisk arbeid

Fylkesmusikarordninga held på å bli fasa ut slik den var. Her er ein fylkesmusikar att i Sogn og Fjordane i dag. *Distriktsmusikarordninga* kjem som ei slags vidareføring av denne. Her har laget prøvd å verre ein pådrivar for å få denne på plass. Det var i 2020 fem stillingar knytt til kulturskulane i fylke med musikarar/songarar med folkemusikkbakgrunn. Dette er svært positivt. *Regionreforma og samarbeid mellom folkemusikkinteressene i regionen*. Det har vore fleire kontaktar mellom folkemusikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane siste året der temaet har vore korleis vi best kan samarbeide i framtida. Samarbeidet vart drøfta i årsmøtet som gav styret slikt oppdrag:

Å utgreie fordeler og ulemper med ulike framtidige samhandlingsalternativ med Hordaland folkemusikklag innan utgangen av 2021. Denne utgreiinga er skal så vere med å gje grunnlag for endeleg vedtak om framtidig struktur på årsmøtet i 2022.

INNLEIING

Arbeidet i Sogn og fjordane folkemusikklag vart svært sterkt prega av koronapandemien i 2020. Etter at styresmaktene innførte svært strenge restriksjonar på all aktivitet etter mars måtte vi avlyse/endre så godt som all aktivitet. Sogn og Fjordane kappleiken måtte avlysast og årsmøtet vart omsider avvikla som nettmøte 1. november.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

Formålsparagrafen til laget styrer all aktivitet. Arbeidsprogrammet, som vart vedteke av årsmøtet 2020 byggjer på føringane i formålsparagrafen og hadde 4 hovudpunkt: *Informasjon, Folkemusikkarena, Kulturpolitisk arbeid og Organisasjon.*

Informasjon

Folkemusikklaget har arbeidd for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum. Tyngda av dette går via nettportal, sosiale media og pressemeldingar/annan kontakt med presse. I 2020 har pandemien gjort at så godt som all aktivitet har lege nede.

Styret ser at det er behov for å bli meir målretta i bruken av ulike media. 1. vararepresentant til styret Marie Nicolaisen er saman med dagleg leiar, Dordi Boksasp Lerum, i gang med å utforme ein ny strategi for dette arbeidet.

Folkemusikkarena

Sogn og Fjordane Folkemusikklag trur at det er viktig å ha gode arenaer for musikk, song og dans. Ein lokallagsrunde (halvvegs gjennomført til og med 2020) fortel at rekruttering, opplæring og attraktivt miljø er høgt prioritert i dei fleste lokallaga.

I 2020 gjorde Covid-19 pandemien til at Sogn og Fjordanekappleiken (tidlegare kalla fylkeskappleiken) måtte avlysast etter at Dalsfjorden spelemannslag hadde lagt bortimot alt til rette for å gjennomføre arrangementet. Vestlandskappleiken kunne ikkje gjennomførast. Ei arbeidsgruppe arbeider med å fornye ungdomssatsinga gjennom Mo-kurset og TØFT. Mo-kurset var sett på vent i 2020 på grunn av dette. Jostedal spel- og dansarlag gjennomførde ei TØFT-samling i Jostedal. Folkemusikklaget gjorde eit forsøk på ei spesielt tilpassa TØFT-

samling på Skei i november. Den måtte avlysast like før gjennomføring på grunn av pandemiutviklinga.

Kulturpolitisk arbeid

Fylkesmusikarordninga

Denne ordninga er på veg ut, men framleis er Vidar Underset i funksjon i denne ordninga og er omreisande i folkemusikk og –dans. Det vert ikkje tilsett fleire i denne ordninga.

Distriktsmusikarordninga

Dette er ei slags vidareføring av fylkesmusikarordninga. Den er no knytt til kulturskulane. Folkemusikklaget har vore ein pådrivar for å få denne på plass. Dei fem som så langt er knytte til ordninga skal både undervise og vere utøvande. I 2019 tilsette Sunnfjord kulturskule i Førde to nye distriktsmusikarar: Ingrid Schei Stuhaug (hardingfele). I tillegg til Sunnfjord har ho også ein dag i veka i Fjaler. Samtidig vart Ole Nilssen (trekkspel/dans) tilsett same stad. Gloppen kulturskule tilsette i 2019 Malin Alander (kveding) i denne ordninga. (I 2018 tilsette Sogn kulturskule Håkon Høgemo (hardingfele) og Lærdal kulturskule Tom Karlsrud (trekkspel) i denne ordninga). Alle desse er viktige samarbeidspartnarar og ressurspersonar knytt til det arbeidet som folkemusikklaget driv.

Organisasjon

Sogn og Fjordane folkemusikklag vart skipa i 1981 og har følgjande føremål (§ 1 i vedtektene):

Sogn og Fjordane folkemusikklag skal arbeide for og ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonen i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Vedtektene for laget er tilgjengeleg på denne Internett-adressa:

<http://www.folkemusikklaget.no/om-laget.160231.no.html> .

Styret 2020

Styret som vart valt på årsmøtet 2019 fungerte fram til årsmøtet 01. november, dvs. mesteparten av 2020. Nedanfor er difor teke med både det gamle og det nye styret

Styret valt 2019 var dette:

Knut David Hustveit – leiar	på val i 2020
Ingrid Buvarp Årdal – nestleiar	på val i 2020
Ine Kjøsnes Raad	på val i 2021
Gunhild Dahling Korsøen	på val i 2021
Mette Carlsen (vald for eitt år)	på val i 2020
Varamedlemmer	på val kvart år

1. Marie Nicolaisen
2. Dagfrid Vallestad Brevik
3. Berner Midthjell

Det nye styret som vart valt 01.11.2020 er dette:

Knut David Hustveit – leiar	på val i 2021
Jorunn Sollid – nestleiar	på val i 2022
Arne Fossøy	på val i 2022
Ine Kjøsnes Raad	på val i 2021
Gunhild Dahling Korsøen	på val i 2021
Varamedlemmer	på val kvart år

1. Marie Nicolaisen

2. Dagfrid Vallestad Brevik
3. Berner Midthjell

1. varamedlem har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har hatt 8 styremøte i 2020. To av desse vart avvikla ved at sak og framlegg vart sendt ut via e-post og kvar styremedlem gav tilbakemelding via e-post. Eit vart avvikla som fysisk møte og fem vart avvikla som nettmøte. Styret handsama i alt 51 saker.

Lokallagsbesøk

Pandemien sette ein stoppar for lokallagsbesøk i 2020, noko som førde til at folkemusikklaget berre fekk besøkt eitt lag. Det vil seie at det framleis er mange lag som ikkje har fått besøk av styret.

Administrasjon – dagleg leiar

Liv Ulvik vart tilsett som dagleg leiar etter at Ingrid Heieren sa opp stillinga med verknad frå 1.1.2020. Liv starta opp 15.1.2020. Ho har i denne perioden arbeidd i 25% stilling. Liv er busett i Lærdal.

(Liv har fått permisjon i tida 15.1.2021 og ut året. I hennar stad fungerer Dordi Boksasp Lerum.)



Liv Ulvik var dagleg leiar i 2020.

I årsmøtet 2019 vart det ikkje valt ny revisor. Dette fordi opplegget var å engasjere autorisert rekneskapsførsel frå og med 2019. Dette her medført at laget har inngått avtale med Vekstra ØkonomiService som er lokalisert i Lærdal.

Årsmøte 2020

Årsmøtet vart halde som nettmøte 1.11.2020. Åtte lokallag møtte med i alt 12 representantar. Frå styret deltok Styreleiar Knut David Hustveit (møteleiar) og 3. vararepresentant Berner Midthjell. Dagleg leiar Liv Ulvik var referent. Solveig Gjeldokk frå FolkOrg møtte som observatør.

Møteforma nettmøte fungerte tilfredsstillande slik at årsmøtet kunne avviklast i tråd med føringane i vedtektene.

Medlemmer, medlemskap og representasjon

Folkemusikklaget hadde medlemmer pr. 31.12.2020 670 (597 i 2019) 101 born og unge og 569 vaksne. Av desse er 11 æresmedlemmer. Som tidlegare er 20 lokallag tilslutta områdelaget. Nytt frå 2020 er at 19 av lokallaga ligg i Vestland fylke (tidlegare Sogn og Fjordane) og eitt – Hornindal Spelemannslag – høyrer no til i Møre og Romsdal fylke.

Sogn og Fjordane folkemusikklag har medlemskap i:

- FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen).
- Vestland Musikkråd (skipa 2012 – før: Sogn og Fjordane Musikkråd).

Sogn og Fjordane folkemusikklag har i 2020 vore representert på:

- Representantskapsmøte i Førdefestivalen v/styreleiar.
- Møte i Vestland Musikkråd
- Eit lokallagsmøte v/leiar

Heidersmedlem

FolkOrg utnemnde i oktober Einar Eimhjellen frå Naustdal til heidersmedlem.

REGIONREFORMA OG SAMARBEID MED HORDALAND

Det har vore fleire kontaktar mellom folkemusikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane siste året der temaet har vore korleis vi best kan samarbeide i framtida. Samarbeidet vart drøfta i årsmøtet som gav styret slikt oppdrag:

Å utgreie fordeler og ulemper med ulike framtidige samhandlingsalternativ med Hordaland folkemusikklag innan utgangen av 2021. Denne utgreiinga er skal så vere med å gje grunnlag for endeleg vedtak om framtidig struktur på årsmøtet i 2022.

Det har vore halde nokre nettmøter med Hordaland folkemusikklag, oss og den nye fylkeskommunen for å drøfte offentleg finansiering. Det er eit klart behov få å sjå nærare på organiseringa av folkemusikklaga innanfor Vestland fylke som følgje av at fylket er vår viktigast økonomiske bidragsytar. Vi må finne sjølv finne fram til korleis vi samarbeider om desse midlane.

Sogn og Fjordane folkemusikklag har fått kr 100 000,- i ekstra tilskot for 2021. Dette er midlar som vi administrer, men skal nyttast til å finne fram til ei mest mogleg tenleg framtidig organisering av arbeidet desse to organisasjonane driv med.

UTGJEVINGAR

Dei hefta som er nemnde nedanfor har Sogn og Fjordane folkemusikklag for sal.

Rolf Myklebust: «Slåttar i Nordfjordtradisjon».

Rolf Myklebust sine seks notehefte med Slåttar i Nordfjordtradisjon vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har 476 hefte på lager ved utgangen av året. Hefte nr. 2 er på det næraste utseld. Arbeidet med å få trykt opp fleire eksemplar av hefte 2 vurderast starta opp.

Skumringstimen

Boka Skumringstimen vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneheld også to cd-plater med opptak av kjeldene. Folkemusikklaget har 41 hefter på lager ved utgangen av året.

Andre utgjevingar som laget har for sal:

Lars Hjelbakk: *17 slåttar* (22 stk.)

Einar Eimhjellen: *Slåttar og spelemenn i gamle Naustdal* (9 stk.)

Einar Eimhjellen: *Steindalslåttar og andre slåttar frå Flora kommune* (3 stk.)

Jens Brekke: *Slik læte da her* (2 stk.)

Slåttar frå Jølster (4 stk.)

Tala i parentes viser restopplaget.

NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen “Folkemusikk i Sogn og Fjordane” ein felles informasjonsportal knytt til domena www.folkemusikklaget.no, www.mokurset.no, www.fylkeskappleiken.no og www.vestlandskappleiken.no. Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- TØFT
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

Her er det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker. Portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer, kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir såleis publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene og andre relevante aktørar.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement i fylket. Nettsida er oppgradert med ny grafisk profil i 2019.

Sidan så godt som all aktivitet har lege ned i 2020 har det også vore lite informasjon å gå ut med.

SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på Facebook med kring 800 følgjarar. Her er det vidareformidla eigne nyhende frå nettportalen og delt vidare folkemusikkhendingar, relevante avisinnlegg osv. Det har vore lagt spesielt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane. Laget har ogso eigen konto på Instagram.

FOLKEMUSIKKPRISEN

<http://www.folkemusikklaget.no/folkemusikkprisen.160292.no.html>

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking og blir delt ut anna kvart år til ein person, lag eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for folkemusikken i fylket. Hilde Bjørkum fekk prisen i 2018.

Prisen har alltid vorte delt ut annakvart år under fylkeskappleiken. Sidan den måtte avlysast i 2020 og koronaen seinare har sett ein effektiv stoppar for festlege arrangement har det ikkje vore noko egna høve til å dele ut folkemusikkprisen for 2020.

UTSNITT

Sidan både landskappleik, landsfestival, Sogn og Fjordanekappleiken og Vestlandskappleiken vart avlyste i 2020 har ingen av våre medlemmer fått utmerka seg på desse arrangementa slik vi er vane med. Styret er heller ikkje kjende med eventuelle andre kappleiksresultat der våre medlemmer har delteke.

Arrangement

Førdefestivalen2019. Her deltok med speling ved inngangspartiet til Førdehuset.

Fylkeskappleiken Stryn 29.-30. mars 2019

Smørbukk-kappleiken Stryn 30.mars 2019 (del av fylkeskappleiken)

Vestlandskappleiken Eid 18. – 19. oktober 2019

TØFT-samlingane med opplæring i musikk og dans i:

- Jostedal: Samlinga vart avlyst på grunn av liten årsmelding.
- Viksdalen: 5. – 7. april
- Fjelli: 4. – 6. oktober

FOND

Sogn og Fjordane folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond

Det har ikkje vore nytta midlar frå minnefondet i 2020.

Fondet sto pr. 31.12.20 med kr. 123 206,81 i egenkapital. Renteinntektene for 2020 var kr. 288. Det var ingen søkjarar til midlane i meldingsåret og såleis heller inga utdeling.

Les meir om fondet her: <http://www.folkemusikklaget.no/rolf-myklebust-minnefond.160232.no.html>

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011 og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin egenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje eit eventuelt driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret. Det er ikkje gjennomført Mokurs i meldingsåret og såleis heller ikkje nytta midlar frå fondet. Fondet sto pr. 31.12.20 med kr. 89 374,80 i egenkapital.

I 2019 vart Mokurset avlyst på grunn av for lite påmelding. Sidan minkande deltaking dei siste åra har vore ei utfordring og ungdomsarbeid og rekruttering er eit av dei aller viktigaste, om ikkje det viktigaste, satsingsområdet i laget vart det bestemt at det skulle settast i gong eit arbeid med å revitalisere Mokurset inkludert TØFT-satsinga. Mokurset har i mange år også vore ein viktig arena for andre områdelag som til dømes Hordaland folkemusikklag. Det er ein stor fordel for gjennomføringa at vi har deltaking frå større geografisk område enn berre Sogn og Fjordane. Når vi no i tillegg til dette har fått eit nytt Vestland fylke synest det enno meir naturleg å inviterte Hordaland Folkemusikklag som samarbeidspartnar i dette ungdomsarbeidet. I 2020 har difor ei gruppe som har vore samansett av Åslaug Timenes Bell frå Hordaland folkemusikklag, Mette Carlsen frå vårt områdelag og dagleg leiar Liv Ulvik arbeid med denne revitaliseringa. Deira arbeid er godt i gang. Men med den svært usikre pandemisituasjonen vi enno er i og dei utsiktene vi ser framover våren og sommaren knytt til korona gjer at vi ikkje har sett inn ressursar på å sette i gang arbeid med eit nytt Mokursopplegg kommande sommar.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Laget vil med dette rette ei stor takk til alle desse:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Førdefestivalen
- KOMP
- FolkOrg
- Dextra Musica
- Rådet for folkemusikk og folkedans
- Luster sparebank
- Hordaland folkemusikklag
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Jostedal spel- og dansarlag – TØFT-samling